

**Fylkestingsprogram**  
**Rogaland**  
**Senterparti**  
**2019 – 2023**



*Vedtatt fylkesårsmøte 15-16 februar 2019.*

## Innhald

1. Grunnsyn.....	3
1.1 Samfunnet skal byggjast nedanfrå.....	3
1.2 Ta heile Rogaland i bruk.....	3
2. Opplæring.....	6
2.1 Vidaregåande opplæring.....	6
2.2 Sats på yrkesfag.....	7
2.3 Læraren.....	8
2.4 Vaksenopplæring.....	8
2.5 Høgare utdanning.....	9
3. Ung i Rogaland.....	10
4. Kultur, idrett og frivilligheit.....	11
4.1 Kultur.....	11
4.2 Idrett og folkehelse.....	11
4.3 Frivilligheit.....	12
5. Samferdsel.....	13
5.1 Kollektiv transport.....	14
5.2 Fylkesvegar.....	14
5.3 Nye oppgåver.....	15
5.4 Anna kommunikasjon.....	15
6. Næringsutvikling.....	16
6.1 Matfylket Rogaland.....	16
6.2 Energifylket Rogaland.....	17
6.3 Reiseliv og arrangementsturisme.....	18
6.4 Entreprenørskap.....	18
7. Jordvern.....	19
8. Miljø og klima.....	20
9. Inkludering og integrering.....	22
10. Helse og omsorg.....	23
10.1 Sjukehus.....	24

## 1. Grunnsyn

Senterpartiet ser på kvart menneske som unikt og uerstatteleg. Menneskeverdet er ukrenkeleg og overordna andre verdiar.

Senterpartiet sitt verdigrunnlag byggjer på den kristne og humanistiske kulturarva.

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Vi vil arbeide for eit samfunn der menneska kan utvikle seg fritt, kor den private eigedomsretten står sentralt. Samfunnskontrakten skal oppfyllest av menneske som tek ansvar for eige liv, for kvarandre, fellesskapet og naturen.

Senterpartiet ser på jorda som ei arv vi er forplikta til å forvalte for dei som kjem etter oss. Det vi har i dag, må overlatast i betre stand til neste generasjon enn då vi overtok.

Senterpartiet vil at skattane skal fordelast rettferdig og etter evne. Vi er imot usosiale skattar og avgifter.

### 1.1 Samfunnet skal byggjast nedanfrå

Senterpartiet vil arbeide for eit samfunn der menneske i alle aldrar kan utvikle seg fritt. Trygge og gode lokalsamfunn med små skilnader skal gje folk tryggleik, tilhøve og identitet.

Rogaland skal vere eit fylke der det skal vere godt å bu for alle, uavhengig av alder, kjønn, religion, seksuell legning og etnisk bakgrunn. Vi ønskjer tenester nær folk, og eit fellesskap der vi tek vare på kvarandre. Det er derfor viktig med eit levande folkestyre der det er nærleik mellom dei som tek beslutningar og dei som beslutningane gjeld.

### 1.2 Ta heile Rogaland i bruk

Rogaland inneheld det meste av norsk natur. Vi finn høg fjell, vilt fjordlandskap, frodig jordbruksland, kulturlandskap, naken kyst og hav. Det er eit Noreg i miniatyr.

Senterpartiet ønskjer å leggje til rette for at ein tek heile Rogaland i bruk. Vi vil oppretthalde busetting for meir enn 470 000 innbyggjarar i bygder, tettstader, bynære områder og i byane. Alle skal ha tilgang til ein mangfaldig natur.

Vi ønskjer at tilbod innan kunst, kultur, musikkliv og idrett skal vere tilgjengeleg, og ha gode høve til utvikling og vekst i heile Rogaland. Kombinert med det det frivillige organisasjonslivet som er sjølve grunnmuren i lokalsamfunna i heile fylket.

Den sitjande regjeringa er ei av dei mest sentraliserande regjeringane gjennom historia. Uansett spørsmål, er svaret færre og større einingar og sentralisering. Dette ser ein også innan fleire områder i Rogaland.

Regjeringa har køyrt fram reform etter reform. Reformane er sentraliserande, og har ført med seg eit byråkrati som eser ut – stikk i strid med lovnadane.

Fleire og fleire av fellesskapet sine investeringar, som til dømes veg og kollektiv transport, vert finansiert meir og meir med pålagte avgifter. Det er ofte dei som har minst som må bidra relativt mest økonomisk. Dette bidreg til at dei økonomiske skilnadane aukar i Rogaland.

Senterpartiet meiner dette er grunnleggjande feil. Vi vil arbeide mot sentraliseringsbølga den sitjande regjeringa legg opp til. Det utarmar mellom anna bygdene våre, fordi det vert gitt fordelar til dei som vel å busette seg rundt dei større bysentra våre.

Senterpartiet vil stå opp mot ei slik utvikling som ikkje bidreg til å gje ei likeverdig framtid i heile Rogaland.

Rogaland skal fortsatt ta ansvar for å nå klimamåla, både gjennom internasjonalt samarbeid og ved å redusere regionale utslepp av klimagassar.

Senterpartiet vil at det skal vere gode levekår for dei naturbaserte og distriktsbaserte næringane våre.

Det må leggjast til rette for at landbruksverksemdar vert enda viktigare for å oppretthalde lokal sysselsetting, busetting og auka matproduksjon i Rogaland. Ein variert bruksstruktur gjev best moglegheiter for produksjon av mat på ein berekraftig og klimavenleg måte.

Moglegheitene for framtida sine havbruk er store, og Senterpartiet er oppteke av at det skal leggjast til rette for vidare vekst i havbruksnæringa, samstundes med at miljøet og livet i havet vert teke vare på.

For at det skal vere likeverdige forhold i heile Rogaland, må gode løysningar for samferdsel vere på plass. Dette må dekke samfunnet sitt behov for transport, noko som er med på å fremje regional utvikling.

Vi vil at den digitale utviklinga skal bidra til at det vert utvikla fullverdige og gode digitale forhold for privatpersonar, offentleg sektor og næringsliv i heile fylket. For Rogaland er det viktig at alle har nettilgang med høg fart, fordi fleire og fleire oppgåver skal løysast digitalt. At alle får slik tilgang, gjev moglegheiter for auka digitalisering og auka deltaking i det digitale fellesskapet. Nettilgang og auka deltaking er i dag avgjerande infrastruktur for å sikre verdiskaping og busetting i heile fylket.

Senterpartiet vil arbeide for å fortsetje utbygginga av mobildekning i heile Rogaland. For å nå måla, vil vi at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør, skal ha hovudansvaret for å sikre full breibandsdekning. Dette må kombinerast med ei sterk statleg finansiering.

Heile Rogaland skal vere ein del av ein skapande region med vilje og moglegheit for vekst. Næringsliv og arbeidsliv skal gje gode vekstforhold slik at det gjev grunnlag heile fylket.

Senterpartiet vil arbeide for at det skal vere tilstrekkeleg og nok relevant kompetanse i alle delar av fylket. Dette skal samsvare for behov som næringsliv, arbeidsliv og offentleg sektor har. Vi skal gje eit godt og likeverdig opplæringstilbod til fylkeskommunen sine 25 vidaregåande skular, to skulesenter og Fagskulen i Rogaland.

Utdanning i regionen (UIR ) må utviklast i eit samarbeid med fylkeskommunen og andre aktuelle partar i dette samarbeidet. Det må tilpassast behovet for kompetanse som finst lokalt. Slik at det vert mogleg å tileigne seg kompetanse og livslang læring utan at ein er nøydd til å reise frå heimbygda.

Bustad er eit velferdsgode på lik linje med arbeid, god helse og utdanning. Korleis og kvar vi bur er faktorar som er viktige for velferda og levekåra våre. Heimen og ramane rundt born og unge er avgjerande for deira oppvekstvilkår.

Den massive sentraliseringa og presset på bustadmarknaden fører med seg ei utvikling som i større grad skaper større skilnader på moglegheita for å skaffe seg sin eigen bustad. Det kan gje auke i einsformige bustadområde med små bueningar, store innslag av utleigebustader og avgrensa bu- og uteopphaldsrom. Senterpartiet vil arbeide for å sikre ein variasjon av bustadtyper og eit godt leve- og oppvekstmiljø i alle bustadprosjekt i heile fylket. Vi ønskjer å bidra til ein meir balansert befolkningsvekst i dei ulike delane av Rogaland.

Uterom er eit viktig element i bumiljøet. Det er her naboar møter kvarandre, bornleiker, ein får frisk luft og kan slappe av. Uterommet er samstundes tilkomsten til bustadane og bindinga til resten av bustadområdet.

Senterpartiet vil arbeide for at buområder skal ha nok uteareal og god utforming av utearealet for alle bebuarar. Særleg for at born, eldre og personar med funksjonsnedsetting skal kunne nytte seg av tilboda i sitt nærmiljø.

Det skal vere godt å bu for alle i heile Rogaland.

## 2. Opplæring

Eit godt utdanningstilbod i heile fylket er ei svært viktig og framtidsretta investering. Kunnskap og kompetanse er grunnleggjande i kvart enkelt menneske sitt liv, for utvikling av nærings- og samfunnsliv og gode velferdstenester i heile Rogaland. Fleire utviklingstrekk peiker mot eit samfunn prega av kompleksitet, større mangfald og raskare endringar. Livslang læring er nødvendig for å sikre omstilling i arbeidslivet.

### 2.1 Vidaregåande opplæring

Senterpartiet vil ha ein desentralisert skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod i vidaregåande opplæring. Vi vil leggje til rette for eit mangfald av studietilbod tilpassa samfunnet, offentleg sektor og næringslivet sine behov. Senterpartiet har lenge arbeida for at skulen skal vere meir praktisk og variert. Ei meir praktisk opplæring kombinert med eit tett samarbeid med arbeidslivet (jamfør Bergelandsmodellen) og med fokus på entreprenørskap, er avgjerande for sluttkompetansen til elevane. For å sikre naudsynt og samansett kompetanse for framtida, vil Senterpartiet legge til rette for eit fleksibelt utdanningsløp. Til dømes med yrkesfag og studiekompetanse (YSK). Dette tilbyr ein i dag på Sauda vidaregåande skule. Der kan ein ta yrkesfag og studiekompetanse samstundes i løpet av fire år.

Kvar enkelt elev skal nå sitt potensiale i eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Dette skal fremje trivsel og livsmeistring. Fellesskulen er ein svært viktig møtestad i samfunnet. Vi meiner derfor at tilpassa opplæring i klassen, er til det beste for elevane. Der får den enkelte utvikle seg fagleg og sosialt i eit fellesskap med dei andre elevane. Senterpartiet seier nei til etablering av fleire nye kommersielle friskular.

Utdanning skal vere gratis. Senterpartiet er opptekne av å sikre gode lærings- og arbeidsmiljø i vidaregåande opplæring. Vi vil derfor prioritere innhald og kvalitet på det som skjer i klasseromma, før store nyinvesteringar i skulebygg.

Senterpartiet vil:

- Ha tett samarbeid mellom skule og lokalt arbeidsliv.
- Tilby alle elevar gratis og næringsrik skulemåltid kvar dag.
- Satse på praktisk og variert undervisning.
- Styrke skulehelsetenesta gjennom eit likeverdig helsetilbod på alle dei 25 vidaregåande skulane.
- Etablere eit tettare samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunen der den vidaregåande skulen ligg.
- Sikre god oppfølging av dei bortebuande elevane.
- Seie nei til etablering av nye kommersielle friskular.
- Ha meir fysisk aktivitet i den vidaregåande skulen.
- Arbeide for at elevane får minstetimetallet i faga, og at ein kvalifisert lærar må ha ansvaret for timane for at timen skal reknast som opplæring.
- Ha teoriopplæring for sertifikat som valfag.
- Sikre forsvarleg og oppdatert utstyr i vidaregåande opplæring.
- At det skal vere mogleg for elevar på ungdomsskulen å ta fag på vidaregåande skule.
- At elevar på ungdomsskulen i staden for skulebesøk, skal få ta del i reelle skuledagar på vidaregåande skule.
- Arbeide kontinuerleg for trygge og gode elevmiljø, for å fremje trivsel og inkludering for alle elevar.

- Halde fram med det gode arbeidet mot mobbing på alle våre vidaregåande skular.
- Arbeide for å sikre eit læremiddelsbudsjett som gjer at skulane har råd til å kjøpe inn oppdaterte og naudsynte læremiddel.
- Tilby rusforebyggjande program for elevar og foreldre på dei vidaregåande skulane.
- Sikre at alle skular følgjer krava om universell utforming, for å inkludere alle elevar og tilsette.
- Arbeide for at elevane skal kunne nytte skulehelsetenesta i skuletida utan å få registrert fråvær.
- Opprette og vidareutvikle arbeidet med kvalifiseringssentra for elevar som har droppa ut av tilbodet i vidaregåande skule og i tillegg ikkje er yrkesaktive.
- Ha meir kompetanseutveksling mellom skule og næringsliv, for å trekke forelesarar frå anna offentleg sektor og næringsliv inn i undervisninga.
- Legge til rette for meir hospitering for lærarar i aktuelle verksemdar, offentleg sektor og organisasjonar.
- Satse på berekraft, grønt skifte og klima som tverrfaglege tema i undervisninga.

## 2.2 Sats på yrkesfag

Rogaland er leiande når det gjeld å få elevar ut i lære. Målet er at alle lærlingar skal få tilbod om lære plass. For å få til dette, må det satsast på å etablere tette og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og næringslivet.

Senterpartiet vil:

- Tilby fleksible utdanningsløp på yrkesfag, til dømes veksling mellom skule og arbeid.
- Utvikle fleire yrkesutdanningar med meir praksis i utdanningsløpet, jamfør Berglandsmodellen.
- Gjere Vg1 mindre teoritungt.
- Arbeide for at utstyrsstipendet dekkjer dei faktiske utgiftene.
- At lærlingar skal kunne ha praksis i utlandet .
- At lærlingar skal ha dei same rettane som elevar, til dømes studierabatt.
- Stille krav til at underleverandørar må bruke lærlingar i si verksemd.
- Auke krava til talet på lærlingar ved offentlege anbod.
- At alle elevar på yrkesfag skal få tilbod om lære plass eller eit alternativt tilbod på skulen.
- Gjere Øksnevad, Strand, Jåttå, Bryne, Karmsund og Vinterlandbruksskulen til strategiske skulesatsingar, og særleg knytte desse til utviklinga av matfylket Rogaland.
- Satse på naturbruk både på land og til havs for å styrke Rogaland sin posisjon som Noreg sitt matfat.

## 2.3 Læraren

Læraren er den viktigaste enkeltfaktoren for eleven si læring. Ein god relasjon mellom læraren og eleven er avgjerande for å auke eleven sin motivasjon til å gjennomføre skuleløpet. Senterpartiet har tillit til læraren som profesjonsutøvar, og vi vil gje læraren handlingsrom. Læraren må få tid til å vere lærar. Vi ønskjer ein kritisk gjennomgang av mengda rapporteringar og dokumentasjon som lærarar i dag må bruke tid på. I tillegg til læraren er det behov for sterke og faglege team rundt elevane.

Senterpartiet vil:

- Vise læraren tillit ved å redusere i læraren sin arbeidskvardag.
- Redusere rapporteringsmengda for lærarar.
- Gje læraren meir tid i lag med elevane.
- Sørge for at fleire yrkesfaglærarar får moglegheit til å ta treårig yrkesfaglærarutdanning.
- Arbeide for auka vaksen- og lærartettleik.
- Opprette påbyggingskurs for alle som skal bli kontaktlærarar.
- Tilby alle lærarar etter- og vidareutdanning i digitale ferdigheiter og pedagogisk bruk av digitale verktøy.
- Gje tilsette i vidaregåande skular moglegheit til fagleg påfyll ut frå skulane sine behov.
- Sikre rekruttering av lærarar til yrkesfag.

## 2.4 Vaksenopplæring

Senterpartiet ønskjer ei tilrettelegging for livslang læring gjennom styrking av desentraliserte og varierte vaksenopplæringstilbod.

Senterpartiet vil:

- Utvikle fagskuletilbodet i samarbeid med kommunane og næringslivet.
- At skulen må ha tett samarbeid med næringslivet for å utvikle læreplassar.
- Sikre at minoritetsspråklege med godkjent utdanning frå heimlandet raskt får utdanninga vurdert, eventuelt med tilbod om tilleggsutdanning for å kunne jobbe innan same yrkesfeltet i Noreg.
- Vere ein betre partnar for kompetanseutvikling for vaksne i næringslivet, i det offentlege og i samarbeid med NAV. Dette vil vere i samspel med vidaregåande skular og høgskular/universitet.



## 2.5 Høgare utdanning

Senterpartiet i Rogaland meiner det er viktig å styrke og utvikle studiesentra i regionane. Høgare utdanning i regionane er under press, og vi meiner det er viktig å oppretthalde dei. Studiestadane må tilby relevante studietilbod som er ettertrakta for kommunane og næringslivet i heile fylket. Det er viktig å tilby både heiltids- og deltidsstudium.

Senterpartiet vil:

- Styrke og vidareutvikle moglegheitene til å ta høgare utdanning i regionane slik som nettskulen, Utdanning i Regionane (UIR) og Motivasjon Opplæring Rettleiing Prosjektet (MOR).
- Styrke samarbeidet med Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB).
- At fylkeskommunen bør arbeide for at universitet og høgskular utviklar fleire modulbaserte utdanningsløp, og at institusjonane tilbyr desse desentralisert, gjerne ved bruk av teknologi og virtuelle læringsopplegg.
- Arbeide for å etablere medisinstudium på Universitet i Stavanger (UIS).
- Arbeide for at UIS skal ha same finansieringsgrad som andre universitet.
- Arbeide for å etablere eit fullverdig jusstudium på UIS.
- Arbeid for fleire Y-veger på universitet og høgskular.

### 3. Ung i Rogaland

Born og unge er framtida. Dei har krav på respekt for menneskeverdet sitt. For Senterpartiet er det viktig at born og unge vert høyrde i alle spørsmål som gjeld dei sjøve. Derfor er det viktig at dei slepp til der avgjerda vert teke. Opprettinga av Ungdommens fylkesting er ei satsing for å styrke ungdom sin moglegheit til å påverke sin kvardag. Senterpartiet meiner at samfunnet vert bygd nedanfrå. Vi vil derfor styrke Ungdommens fylkesting og elevråda som demokratiske arenaer på dei vidaregåande skulane.

Born og unge si psykiske helse må prioriterast gjennom konkrete tiltak. Vi vil halde oppe trykket med fokus på å hindre mobbing på dei vidaregåande skulane. Senterpartiet meiner det er ei sær s viktig oppgåve å sikre gode oppvekstvilkår for alle og gje alle likeverdige moglegheiter.

Senterpartiet vil ha fleire unge gründerar i Rogaland. Den vidaregåande skulen spelar ein nøkkelrolle i å motivere og byggje kunnskap om å drive eiga verksemd. Det er derfor viktig å satse på entreprenørskap.

Senterpartiet vil:

- Sikre ungdom i Rogaland reell påverkningsmoglegheit over eigen kvardag.
- Opprette ei finansieringsordning for elevråda på dei vidaregåande skulane.
- Gje elevane på vidaregåande skular høve til å ta lappen som valfag.
- Innføre opplevingskort for ungdom. Dette vil gje reduserte prisar på ei rekkje arrangement, konsertar og liknande.
- Styrke kompetansen og opplæring om psykisk helse.
- Fortsetje det gode arbeidet med å hindre mobbing på dei vidaregåande skular.
- Prioritere folkehelsearbeid i samarbeid med frivillige organisasjonar der ein spesielt vektlegg arbeidet med born, unge og minoritetsspråklege.
- Styrke førebyggjande arbeid mot rus på vidaregåande skular.
- Bruke ungdomsbedrift aktivt som undervisningsform i den vidaregåande skulen.
- Vidareføre samarbeidet med Ungt entreprenørskap.
- Få eigne ordningar for ungdom som ønskjer å etablere eiga næring med vekt på kapitaltilgang og kompetansebygging.
- Styrke samhandlinga mellom den vidaregåande skulen og næringslivet.
- Arbeide for ei ordning der ungdom som har fylt 18 år kan levere inn eigenmelding ved sjukdom.
- Utvikle ei traineeordning for elevar som ikkje får arbeid direkte etter fullført fagbrev.
- Ha «trygt heim for ein 50-lapp» i alle kommunar utan tilbod om nattbuss.
- Utvide barnebilletten frå 16 til 18 år.

## 4. Kultur, idrett og frivilligheit

Frivillig innsats er limet i samfunnet. Idrett og frivillig innsats sikrar folkehelsa, skapar meistring og stoltheit.

### 4.1 Kultur

For å skape gode lokalsamfunn, er det nødvendig med eit rikt og variert kulturtilbod. Det må leggjast til rette for eit mangfald av kulturaktivitetar og kulturuttrykk for at alle innbyggjarar skal kunne ta del i kunst- og kulturlivet. Dette bør først og fremst skje gjennom eit lokalt kulturløft, lokale kulturinstitusjonar og kulturaktivitetar.

Kulturminne, kulturmiljø, museum og arkiv er viktige delar av det vi kallar den kollektive hukommelsen i samfunnet. Kulturarva kan medverke med kunnskap, forteljingar og opplevingar. Derfor skal samfunnet som heilskap ha ansvaret for å ta vare på han. Fylkeskommunen har eigarskap i ein stor variasjon av museum. Senterpartiet er sterkt ueinig i regjeringa sin kommersielle finansieringspolitikk for musea.

Tilskot til regional filmverksemd medverkar til auka konkurranse, større mangfald og betre kvalitet i norsk film gjennom maktspreiing og regionalisering av filmpolitikken.

Gjennom regionreforma kan det tenkast at fylket får overført ansvaret for større institusjonar som til dømes teater og opera. Det er heilt avgjerande at det vert overført tilstrekkeleg med midlar for å drifte dei.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for at dei fylkeskommunale stønadsordningane vert delt i to like pottar slik at amatørar og profesjonelle utøvarar ikkje skal søke på dei same stønadsordningane.
- At musikklivet i fylket skal ha tilgang til gode og tilpassa lokalar til øving og konsertar.
- At digitale tenester og programvare skal liggje føre på både nynorsk og bokmål.
- Styrke fylkesbiblioteket og deira samarbeid med kommunane.
- Styrke ordninga for tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og helse- og sosialtenesta, blant anna gjennom «Den kulturelle spaserstokken».
- Ha ei prøveordning slik at ein billett til visse kulturarrangement gjev gratis kollektivtransport til og frå arrangementet.
- Styrke grunnfinansieringa og musea sin eigenkapital.

### 4.2 Idrett og folkehelse

Ulike typar idrettsarenaer er viktige i vår førebyggjande helsepolitikk. Det er viktig at ein er med og legg til rette for den uorganiserte delen av idretten og friluftslivet. Derfor er det viktig oppbygging av lågterskeltilbod som til dømes utbygging av turløyper, ballbingar og andre nærmiljøanlegg. Fylkeskommunen må stimulere kommunar gjennom spelemidlar til å gå saman for utvikling og drift av strategiske viktige anlegg slik som blant anna Folkehallane.

Vi vil gjere Rogaland til eit føregangsfylke innan friskliv og folkehelse. Senterpartiet vil leggje til rette for ein aktiv kvardag for alle. Innbyggjarane i Rogaland skal kunne vere «aktive kvar dag» etter eigne ønskjer og føresetnader, på allment tilgjengelege områder i naturen og i idrettsanlegg i nærleiken av der dei bur. Å få fleire i aktivitet er eit viktig førebyggjande tiltak som må prioriterast høgt, og vi vil derfor styrke arbeidet med Folkepulsens slik at fleire kommunar kan bli med. Folkepulsens sine målgrupper er inaktive unge menneske med nedsett funksjonsevne og innvandrarar. Gjennom samarbeidet mellom det offentlege og

idretten vil ein redusere folkehelseutfordringar som livsstilsjukdommar og lettare psykiske lidningar.

Senterpartiet sitt mål er ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og motverkar sosiale helseskilnader.

Senterpartiet vil:

- At kultur- og fritidstilbod skal vere viktige satsingsområder for dei som har psykiske lidningar.
- Auke støtta til friluftsråda.
- Tilretteleggje for alle gjennom planar for samanhengande turstiar og friluftsområde.
- At fylkeskommunen gjennom ordninga med spelemiddel stimulerer kommunane til betre samarbeid om felles strategisk viktige idrettsanlegg.
- Styrke Folkepulsen med nye midlar og arbeide for å utvide til endå fleire kommunar, og sjå på ordningar for personar med rus- og familieproblem.
- At idrettsavdelinga i fylkeskommunen skal styrke samarbeidet med kommunane for å leggje til rette for at eldre kan delta aktivt i kultur og friluftsliv.
- Vere pådrivar for desentralisering av spesialhelsetenester og oppretting av lokalmedisinske senter i bydelar, kommunar eller samarbeidande kommunar.
- At det skal vere krav til eit sunt og godt mattilbod i kantine på dei vidaregåande skulane.
- Ha meir fysisk aktivitet i dei vidaregåande skulane.

### 4.3 Frivillighet

Frivillig engasjement har stor eigenverdi, fordi det er med på å fylle livet til kvar enkelt deltakar med mening og aktivitet. Frivillig sektor er også ein uunnverleg del av fellesskapet og medverkar til at mange viktige oppgåver i samfunnet vert løyste. I tillegg vekst eliteutøvarane og mange opplevingsverksemdar ut frå det frivillige feltet. Det er derfor viktig å satse på kultur og frivillig innsats på alle delar av det mangfaldige og breie feltet.

Frivillige organisasjonar er viktige berebjar i lokalsamfunnet. Dei tilbyr opplevingar og aktivitetar på tvers av sosiale skiljelinjer, og skaper såleis viktige fellesskapsarenaer. Frivillig sektor er ein viktig pilar i det norske velferdssamfunnet. Frivillige organisasjonar yter viktige økonomiske bidrag til samfunnet gjennom tenesteproduksjon og omfattande ulønna innsats. Det er feil å skatteleggje frivillig innsats. Derfor er det behov for å forbetre momskompensasjonsordningane for frivillige organisasjonar.

Senterpartiet vil:

- At fylkeskommunale bygg skal kunne nyttast av frivillige lag og organisasjonar.
- At det skal opprettast ei ny stønadsordning til vedlikehald, ombygging og utbygging for frivillig eigde hus som til dømes grendehus, ungdomshus og bydelshus
- Gje frivillig sektor ei viktig rolle i gjennomføringa av folkehelsetiltak.
- Gje full momskompensasjon ved bygging, utviding og vedlikehald av kulturhus som er eigde av organisasjonar.
- Halde fram arbeidet med å forenkle og avbyråkratisere tilskotsordningane for frivillig sektor.

## 5. Samferdsel

Målet for Senterpartiet sin samferdselspolitikk er eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg transportsystem. Det må dekke samfunnet sine behov for transport i heile fylket og fremje regionalutvikling. For å realisere desse behova er det utarbeida regionale areal- og transportplanar. Senterpartiet vil arbeide for å følgje opp dette gjennom prioriteringar i dei årlege budsjetta.

Bompengefinansieringa var i utgangspunktet tenkt å vere eit spleiselag mellom stat , fylke og trafikantar, men ho har utvikla seg til å bli hovudfinansieringa. Bompengar er ei usosial skattelegging som i tillegg har ein sentraliserande effekt. Senterpartiet vil at staten skal ta meir av kostnadane ved utvikling av riksvegnettet. Rogaland Senterparti vil avskaffe dagens bompengeinnkreving.

Senterpartiet vil vere ein aktiv pådrivar i NTP- arbeidet blant anna for:

- At E134 vert den prioriterte aust-vest forbindinga.
- Å sikre framdrifta av kyststamveg, E39 Kristiansand – Trondheim, og framskunde strekninga Hove- Ålgård.
- Forskoting av rassikringsprosjektet i Rødsliane i Suldal.
- Vidare rassikring og utbetring av Rv13
- Sikre eit høgt nivå på investeringar for rassikring, og at Rogaland får sin del av den nasjonale satsinga.
- Eit samanhengande riksvegnett til sentrale hamner og flyplassar.
- At staten tek ansvar for finansieringa av riksvegprosjekt.
- Vidareutvikling av Jærbanen med dobbeltspor og utbetring av Drangsdalen.
- Å fortsette arbeidet med høgfartsbane
- Riktige prioriteringar og finansieringa av bymiljøpakken.
- Utgreiing av differensiert vegprising.
- Følgje norsk lovgivning når det gjeld lys i tunellar.

## 5.1 Kollektiv transport

Senterpartiet vil arbeide for ein utsleppsfril kollektivtransport i heile fylket. Vi vil arbeide for at mobilitetstanken vert gjeldande i heile fylket der ein ser på eit samordna billettsystem for tog, buss, båt og fegre.

I delar av fylket er hurtigbåten eit viktig bindeledd. Han er sjølv livsnerva og er einaste aktuelle offentlege kommunikasjon mellom desse kommunane og Stavanger. Senterpartiet vil arbeide for å oppretthalde eit godt rutetilbod.

Senterpartiet vil:

- Sjå på moglegheitene for hydrogenbåtar
- Arbeide for ein overgang til nullutslipp på ferjer og hurtigbåtar.
- Gjere kollektivtrafikk, sykling og gange til dei mest attraktive reisemåtane i sentrale byområde.
- Arbeide for at trafikkopplæring for sykkel vert eit tilbod i heile fylket.
- Forbetre pendlarruter som gjer at folk kan bu i distrikta og pendle inn til byen.
- Stille krav om «parker og reis» ved kollektivknutepunkt, og arbeide for moglegheitene for nye knutepunkt.
- Ha «trygt heim for ein 50-lapp» i alle kommunar der det ikkje er tilbod om nattbuss.
- Utvide ordninga «Hent meg» til fleire områder.
- Utvide «Heim- jobb – heim» ordninga til fleire kommunar.
- Arbeide for ei betre samordning av billettsystem for buss, ferge, hurtigbåt og tog.
- Forbetre ordninga med overgangsbillett mellom ulike transportmiddel.
- Arbeide for eit godt hurtigbåt- og fergetilbod.
- Arbeide for å sikre taxitilbodet i distrikta.
- Arbeide for betre tilrettelegging for å ta med sykkel på kollektive transportmiddel.
- Arbeide for fleire direkte ruter til viktige knutepunkt.
- Arbeide for gode og brukarvenlege kollektivløyningar for turistar, og vidareutvikle ordninga «Travel like the locals».
- Arbeide for ei gradering av summane i TT-ordninga.
- Utvide barnebilletten frå 16 til 18 år.
- Arbeide for at ungdomskortet skal gjelde for born og unge opp til 22 år.
- Gjennomføre ei prøveordning som gjev reduserte prisar på kollektivreiser for skuleklassar i skuletida.

## 5.2 Fylkesvegar

Fylkeskommunen har ansvaret for 80% av vegnettet i fylket. Senterpartiet meiner at vedlikehaldet må aukast for at ein skal ta igjen etterslepet av vedlikehaldet. Vi vil arbeide for at det vert utarbeida heilheitleg nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegar med middels og høg skredfaktor med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år. Senterpartiet har som mål ein nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken.

Senterpartiet vil:

- Følge opp prioriteringane i vedteke handlingsplan for fylkesvegane.
- Arbeide for å ta igjen etterslepet på vedlikehaldet av fylkesvegane.
- Arbeide for å auke rammene for investeringar i fylkesvegprosjekt.
- Arbeide med finansieringsmodellar for å realisere dei tre vegprosjekta Espedal-Frafjord, Sauda – E134 og Øyfast.

- Vere med å forskottere rassikringsprosjektet i Rødsliane i Suldal.
- Auke midlar til trafikksikring.
- Auke satsinga på gang- og sykkelveggar.
- Sikre elevar med trafikkfarleg skuleveg gatelys langs vegen.

### 5.3 Nye oppgåver

Frå 2020 skal fylka overta administrasjonen av fylkesvegane frå Statens vegvesen. Det vert viktig å sikre at ein får halde på kompetansen i denne overgangsperioden og i perioden etter 2020. Fylkeskommunen må vere ein attraktiv og profesjonell arbeidsgjevar som rekrutterer og held på god kompetanse for å oppretthalde og byggje eit godt fagmiljø.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for at omlegginga fører til meir effektiv bruk av ressursane.
- Behalde kontorstader i Eigersund, Haugesund og Stavanger.
- Legge til rett for gode fagmiljø.
- 

### 5.4 Anna kommunikasjon

Eit godt utbygd breiband og mobilnett er viktig både for næringslivet og innbyggjarane, for å få levedyktige lokalsamfunn.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for fullverdig mobil- og breibanddekning i heile fylket
- Arbeide for eit statleg ansvar for at alle har mobil- og breibandsdekning

## 6.Næringsutvikling

Senterpartiet vil føre ein næringspolitikk som legg til rette for eit livskraftig næringsliv og verdiskaping i heile fylket. Det er eit offentleg ansvar å føre ein aktiv næringspolitikk, samt stå ansvarleg for utbygging, vedlikehald og drift av infrastruktur som sikrar næringslivet gode rammevilkår i heile fylket. God nærings- og klimapolitikk heng saman. Gjennom satsinga på ny teknologi, bioøkonomi og meir kretsloopøkonomi kan vi bidra til å forme morgondagen si verdiskaping og arbeidsplassar.

Fylkeskommunen har vedteke ein strategi for bioøkonomi i Rogaland. Senterpartiet vil arbeide for å følgje opp planen, og leggje til rette for ei bioøkonomisk utvikling og verdiskaping som fremjar miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig verdiskaping og sysselsetjing i heile Rogaland.

Tilgang på arbeidsplassar som gjev høve til å bruke kompetanse og utdanning, er viktig for å oppretthalde og utvikle gode lokalsamfunn i heile fylket. Menneska som bur i fylket, er den viktigaste ressursen for verdiskaping og fleire arbeidsplassar i fylket. Det er viktig at dei får brukt sin kompetanse og arbeidsevne der dei bur.

Rogaland er eit stort maritimt fylke. Rogaland skal vere eit godt fylke å drive rederi og maritim verksemd i. Ei sterk maritim næring bygger på den maritime kompetansen som sjøfolka har. Senterpartiet vil derfor styrke posisjonen til norske sjøfolk. Senterpartiet støtter at det er eit krav om norske løns- og arbeidsvilkår på alle skip som segler langs kysten eller på sokkelen.

Gjennom ein styrka og aktiv næringspolitikk meiner Senterpartiet at fylket kan bidra enda sterkare som regional utviklingsaktør gjennom å satse på:

- Reiseliv og arrangementsturisme
- Bidra til å vidareutvikle energifylket Rogaland
- Utvikle og styrke matfylket Rogaland
- Gründerar og entreprenørskap
- Like vilkår på land og sjø

### 6.1 Matfylket Rogaland

For å styrke matfylket Rogaland, må vi føre ein aktiv politikk. Vi må sikre eit aktivt landbruk i heile fylket som gir sikker og trygg mat. Matproduksjonen bidreg til å ivareta det flotte kulturlandskapet som vi har. For å auke verdiskapinga innanfor landbruket, vil Senterpartiet at verkemidla vert lokalt tilpassa for heile fylket. Gjennom ein framtidretta landbrukspolitikk vil Senterpartiet at fylkeskommunen skal bidra aktivt med løysningar og verkemiddel for å redusere klimautsleppa frå landbruket. Rogaland med sine gras- og utmarskressursar kan bidra med løysningar for kortreist og berekraftig mat- og husdyrproduksjon.

Senterpartiet vil leggje til rette for arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien med å fokusere kretsloopøkonomien innanfor denne næringa og mangfaldet av arbeidsplassar denne næringa byr på. Vi vil arbeide for togstopp i næringsmiddelparken i Kviamarka. Dette kan bidra til at dette regionale næringsområdet innanfor næringsmiddelindustrien vert endå meir miljøvenleg og konkurransedyktig.



Havbruksnæringa innanfor kystfiske og oppdrett er ei betydeleg næring i Rogaland. Fylkeskommunen må stimulere kommunane og næringa til å samarbeide for å leggje til rette for næringsutvikling av havbruk og auka sjømatproduksjon. Senterpartiet ønskjer ei berekraftig utvikling av hav- og oppdrettsnæringa og fiskeforedlingsindustrien. Vi vil ha fokus på gode hamner, infrastruktur og forutsigbare rammevilkår.

Senterpartiet vil:

- Gje landbruksnæringa og landbruksmiljøa høve til utvikling og vilkår som skaper framtidsoptimisme og tryggleik.
- Støtte arbeidet med gards- og lokal matproduksjon
- Støtte fagmiljøa innan mat, restaurant og kokk
- Stimulere ungdom til å ta fagbrev innan matfag
- Fokusere på kortreist mat og foredling av fisk
- At fylkeskommunen saman med kommunane skal styrke haldningsskapande arbeid for å redusere matsvinn.
- Arbeide for at vertskommunar for havbruksnæringar skal verte sikra stabile årlege inntekter for bruk av areal og for tilrettelegging av nytt areal.
- At havbruksnæringa sin produksjon skjer innanfor tålegrensa, er miljøvennleg og økonomisk berekraftig.
- Leggje til rette for vidareforedling innan skognæringa.
- Sikre utskipingskaier for skognæringa.
- At Rogaland er ein aktiv deltakar i kystskogbruket.

## 6.2 Energifylket Rogaland

Rogaland er eit viktig energifylke og sentrum for norsk olje- og gassverksemd. Senterpartiet vil bidra til at denne posisjonen vert teke vare på. Samstundes vil vi leggje til rette for at fylket fortsatt skal vere leiande innan utvikling av fornybar energi, og styrke arbeidet med alternative energikjelder. Senterpartiet skal vere pådrivar for å få utanlands fiber til Rogaland. Senterpartiet vil arbeide for gode rammevilkår for den kraftkrevjande industrien både ved nyetableringar og ved eksisterande, som til dømes datasenter.

Senterpartiet vil:

- Satse på miljøvenleg og framtidsretta energiproduksjon og energibruk.
- Leggje til rette for forskning og utvikling innan framtidsretta energiproduksjon som til dømes hydrogen, bølgekraft, vindkraft til havs.
- At fylkeskommunen skal kompensere kraftkommunar som har tap av konsesjonskraft ved omlegging frå elektrisk oppvarming til anna miljøvenleg oppvarming.
- Arbeide for ordningar som sikrar at kommunane blir kompensert ved utbygging av vindkraft.
- Opne for bygging av småkraftverk i verne vassdrag når dette ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.
- Auke tilgangen på fornybar energi gjennom å gje investeringstilskot til varme- og bioenergi.
- Arbeide for omlegging av skattepolitikken slik at vertskommunen får meir igjen av verdiskapinga

### 6.3 Reiseliv og arrangementsturisme

Rogaland er eit viktig reiselivsfylke. Fjella, kysten og det øvrige landskapet gjev unike moglegheiter for å auke verdiskapinga innanfor denne næringa. Senterpartiet vil byggje reiselivet rundt kultur, mat og naturopplevingar. Vi vil at fylkeskommunen skal delta i utviklinga av eit berekraftig reiseliv i tett samarbeid med kommunane, reiselivsorganisasjonane og næringa sjølv.

Senterpartiet vil:

- Vidareutvikla reiselivet i heile Rogaland gjennom auka satsing på kompetanse og kvalitetssikring.
- Utvikle produkt der lokal matkultur er ein naturleg del av reiselivsopplevinga for turistane.
- Styrke samarbeidet mellom landbruket og reiselivsnæringa for å oppretthalde arbeidsplassar og kulturlandskap.
- Utvikle reisemål og opplevingar i eit berekraftig perspektiv.
- At fylkeskommunen skal støtte og delta aktivt i destinasjons- og utviklingsselskap.
- Arbeide for å auke fokuset på arrangementsturisme.
- Arbeide for gode og brukarvenlege kollektivløysingar for turistane.
- Leggje til rette for auka bruka av beitedyr for å halde kulturlandskapet i hevd.

### 6.4 Entreprenørskap

Nyskaping og entreprenørskap er med på å skape morgondagen sine arbeidsplassar. Senterpartiet vil leggje til rette for at det skal vere lett å vere gründer i Rogaland.

Senterpartiet vil:

- Bidra til at gründerane har ei felles nettside for gründertjenester.
- Styrke etablerartenesta for nyetablering av verksemder.
- Foreta ei samordning av næringspolitiske verkemiddel der målet er at nyetablerarar kan nytte «ei dør».
- Styrke Ungt entreprenørskap, leggje til rette for innovasjon og entreprenørskap i den vidaregåande skulen.
- Støtte opp om næringshagar og lokal næringsklynger.
- Auka midlane til regionale utviklingsmiddel i regi av fylkeskommunen.

## 7. Jordvern

Vern av matjorda er ei forutsetning for mattryggleik. Vi ønskjer derfor ein nullvisjon som jordvernstrategi.

Dyrkbar jord er ein knapp ressurs både i verdssamfunnet og her heime. Matjorda er under så stort press at ho treng eit strengare lovvern. Hensynet til utbygging av industri, infrastruktur og bustadar må balanserast betre mot det langsiktige hensynet til matproduksjonen. Meir matjord må derfor dyrkast opp, og mindre matjord må byggjast ned. Eit kulturlandskap som følgje av eit variert jordbruk, skaper eit rikt artsmangfald. Å verne matjorda, er eit viktig vern av naturverdiar.

Landbruksareal som går ut av drift, er ei stor utfordring. For å hindre tap av matjord, må landbrukspolitikken styrkast slik at vi opprettheld landbruk i heile fylket.

Senterpartiet vil ha ein samferdselspolitikk som tek hensyn til dyrka mark. Vi går derfor inn for at hensynet til jordvernet skal avklarast så tidleg som mogleg i planprosessen. Det må vektast høgt når ein vel trase. Ved val av standard på vegen og traseen, må det kome fram alternative løysningar til nedbygging av landbruksjord. Verdifulle landbruksarealar i byutviklingskorridorane skal vernast for framtidig matproduksjon.

Senterpartiet vil:

- Auke lønnsenda for norsk matproduksjon.
- Krevje nullvisjon som jordvernstrategi.
- At lovverket må styrkast slik at matjord får eit sterkare vern
- Ha eit strengt jordvern som oppfyller Stortinget sitt jordvernforlik som slår fast ei målsetjing om at nedbygginga av matjord skal ligge under 4000 mål årleg før 2020. På sikt må talet reduserast ytterlegare til 2000 mål – eit nytt nasjonalt halveringsmål.
- Gå inn for ein samla nasjonal plan for jordvern.
- Arbeide for å grunnlovsfeste at matjord skal disponerast langsiktig og ivaretakast for komande generasjonar.
- Lovfeste moglegheita for varig vern av matjord.
- Sikre matjord sterkare vern enn utmark.
- At jord som blir nedbygd skal gjenbrukas som matjord.
- At jordvernet skal vektast tyngre i planprosessar ved bruk av regionale planbestemmelsar.
- At det skal nydyrkast minst like mykje jord som det blir omdisponert til anna formål.
- Endre dagens nasjonale retningslinjer for samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging slik at jordvern får høgare prioritet ved utbygging i pressområda. Jordvernlova må ha høgare rang enn desse retningslinjene.
- Ha full openheit om opsjonsavtalar som omhandlar jordvern
- Arbeide for at det blir søknadsplikt på opsjonsavtalar som gjeld jordbruksareal.
- Tillate dyrking av myrjord
- Arbeide for statlege finansieringar av arkeologiske utgravingar.

## 8. Miljø og klima

Senterpartiet meiner at menneske er ein del av naturen og naturen er ein del av oss. Dette står i motsetning til eit samfunnssyn der naturen er isolert frå folk, og der mat, klede og byggjeverar er noko ein kjøper i butikken. Framtida til oss er avhengig av at produksjonsevnen og mangfaldet i naturen vert oppretthalde. Måten vi brukar naturen på er avgjerande.

Ein frisk natur er avgjerande for menneskeleg aktivitet, for næringsverksemd og primærnæringsane i heile landet. Dette hensynet må vektleggjast i all politikk. Naturen er sårbar og utsett for menneskelig påverknad som blant anna fører til forsøpling, klimaendringar, øydelagt matjord og redusert biologisk mangfald.

Senterpartiet meiner at ressursane best vert nytta gjennom berekraftig bruk. Vi kan ikkje «frede oss fram» til ei berekraftig utvikling. Vi må ha fornuftig bruk av naturen. Folkeleg deltaking og engasjement er ei av berebjelkane i miljøpolitikken vår. Denne tankegangen er også sentral når verda står ovanfor store miljøutfordringar, samstundes som det er forventa vekst av befolkning og forbruk i verda.

Den spektakulære og urørte naturen vår, har blitt eit reisemål for turistar frå fjern og nær. Vi må sikre at reiselivsbransjen blir utvikla på ein bærekraftig måte slik at ein sikrar at fotavtrykket ikkje blir for stort, samtidig som ein skaper varige arbeidsplassar i fylket.

Forureining frå fossile naturressursar må bli mindre, og dei fornybare ressursane må forvaltaast i eit langsiktig perspektiv for å kunne nyttast berekraftig i framtida. I staden for å fokusere på vern av enkeltartar og areal, treng vi ein heilheitleg politikk som gjev høve for at heile økosystem kan leve i framtida. Naturen vernast best gjennom å verte brukt.

Klimaet er i endring og vi merkar det ved at ras og flaum kjem med tettare mellomrom. Dette skaper utfordringar som storsamfunnet må ta innover seg. Den nasjonale pengepotten som NVE skal fordele kvart år, er ikkje større enn det dei planlagde tiltaka i Sør- Rogaland kostar.

Årleg hamnar store delar avfall frå hushaldning og næringsliv i naturen, havet og langs vegar.

Gjennom kampanjar har ein samla inn noko, men framleis er det store mengder att. Vi har alle eit ansvar for at det ikkje hamnar ute i naturen, og vi har eit felles ansvar for å rydde opp. Senterpartiet vil stimulere og hjelpe lag, organisasjonar og privatpersonar som ønskjer å bidra til å halde naturen rein for søppel. Vi vil arbeide for ein reduksjon i bruk av emballasje og stimulere til bruk av nedbrytbare materiale.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for auka forskning innan alternativ energi.
- At kraftressursane innan eksisterande, små og gamle kraftverk vert betre utnytta.
- Støtte biogassanlegg til drift av bussar.
- Satse på betre utnytting av skogen som klimaressurs.
- Ta i bruk skog- og trenæring sitt potensiale for verdiskaping og sysselsetjing i heile Rogaland.
- Auke skogplantinga og bruk av trevirke som ein fornybar ressurs.
- Auke bevillingane til investeringar i skogbruket til blant anna skogsvegar, skogplanting og ungsogpleie.

- Auke innsatsen på førebygging av klimaskader om fører til flom, erosjon, ras og sikring av infrastruktur.
- At revisjon for konsesjonsvilkåra for kraftutbygging skal bidra til gode miljøtiltak og mest mogleg mangfald av artar i dei utbygde vassdraga.
- Nytte og forvalte naturressursane med tanke på neste generasjon.
- Ha tiltak for å redusere biltrafikken, særleg i byane.
- At offentleg transport skal vere fossilfrie innan 2025.
- Oppmuntre til sparing av straum i offentlege bygg, næringsbygg og bustader.
- Stimulere til etablering av fleire grønne arbeidsplassar.
- Bidra til fossilfri plattform for landbruket gjennom bioressursar frå skog og landbruke.
- Erstatte plast med meir miljøvenlege alternativ.
- At Rogaland skal vere ein føregangsregion ved å leggje til rette for kretsloopøkonomi.
- Utarbeide strategi for korleis fylkeskommunen og kommunane kan gå mot null avfall i 2030, og stimulere til at næringsliv og private gjer det same.
- At Rogaland skal verte med i «4 av 1000», eit initiativ for å binde meir karbon i jorda
- Heie på ein reiselivsbransje som driv verdiskaping utan å utarma og forsøpla naturen
- Skape betre ordningar for å rydde plast og søppel til havs og i naturen
- Ha ei forsvarleg rovdyrforvaltning

## 9. Inkludering og integrering

Senterpartiet sitt mål er at vi skal ha eit samfunn der alle skal ha moglegheit for å bli inkludert og integrert. Det er for mange som opplever at dei dessverre kjem til kort både på skule, i arbeidsliv og i sitt eige liv. Dei som fell utanfor, er ei samansett gruppe. Fleire og fleire familiar lever under fattigdomsgrensa. Utanforskap, arbeidsløyse, store sosiale skilnader og manglande integrering og inkludering gjer stor skade.

Senterpartiet vil ha eit samfunn som aksepterer og inkluderer alle menneske uavhengig av alder, kjønn, seksuell legning, religion og etnisk bakgrunn.

Integrering er blant anna avhengig at dei som kjem får høve til å kome raskt i arbeid, ta utdanning, bli ein del av lokalsamfunnet sitt. Den beste integreringa skjer først og fremst gjennom fast bustad, skule og arbeid.

Senterpartiet vil:

- At born og unge må få meir kunnskap om og opplæring i toleranse, forståing og respekt for andre menneske.
- At inkludering og integrering er viktig for å motverke radikalisering og ekstremisme.
- Styrke stønaden til integrering i regi av frivillige lag og organisasjonar.
- Arbeide for at det vert laga handlingsplan mot rasisme og diskriminering i Rogaland.
- Arbeide aktivt for at alle skal gjennomføre vidaregåande opplæring.
- Arbeide for eit samfunn som er raust og tolerant for alle menneske.
- At samhald vert skapt på tvers av alder, kjønn, seksuell legning, etnisk bakgrunn og religiøs tilknytning.
- Ha ein innvandrings- og integreringspolitikk som set menneskeverd i fokus kor enkeltmennesket sine rettigheitar og plikter kjem til uttrykk.
- Arbeide kontinuerleg for trygge og gode elevmiljø, for å fremje trivsel og inkludering for alle elevar.
- Halde fram med det gode arbeidet mot mobbing på alle dei vidaregåande skulane våre.
- Sikre at alle skular følgjer krava om universell utforming, for å inkludere alle elevar og tilsette.
- Opprette og vidareutvikle arbeidet med kvalifiseringssentra for elevar som har droppa ut av tilbodet i vidaregåande skule og i tillegg ikkje er yrkesaktive.
- Sikre at minoritetsspråklege med godkjent utdanning frå heimlandet raskt får utdanninga vurdert, eventuelt med tilbod om tilleggsutdanning for å kunne jobbe innan same yrkesfeltet i Noreg.
- Prioritere folkehelsearbeid i samarbeid med frivillige organisasjonar der ein spesielt vektlegg arbeidet med born, unge og minoritetsspråklege.
- Styrke Folkepulsen med nye midlar og arbeide for å utvide til endå fleire kommunar, og sjå på ordningar for personar med rus- og familieproblem.
- At idrettsavdelinga i fylkeskommunen skal styrke samarbeidet med kommunane for å leggje til rette for at eldre kan delta aktivt i kultur og friluftsliv.

## 10. Helse og omsorg

Målet med Senterpartiet sin helse- og velferdspolitik er å skape helsefremjande samfunn, førebyggje sjukdom og jamne ut geografiske og sosiale helseforskjellar. Alle skal sikrast tilgang til nødvendige helse- og velferdstenester uavhengig av kvar dei høyrer til sosialt, kulturelt, språkleg og geografisk.

Senterpartiet vil ha eit sterkt offentleg helsevesen som garanterer likeverdige tenestetilbod i heile landet. Ideelle aktørar må vere ein integrert del av dette, mens private kommersielle tilbydarar skal vere eit supplement. Helsetenestene våre skal vere offentleg finansierte, og eigendelar skal haldast låge. Marknadstenking og privatisering av helsetenester svekkjer det offentlege tilbodet og aukar sentraliseringa av tenester. Senterpartiet meiner at anbod og stykkprisfinansiering er lite eigna i helse- og omsorgssektoren.

Det å sikre nok og god fagkompetanse i primærhelsetenestene er heilt nødvendig. Ein ser at det er eit auande og stort press på fastlegene med fleire oppgåver og mindre tid, dette fører til at hele fastlegeordninga nå er stort press. En ser også at en har eit aukande behov for fleire sjukepleiarar og helsefagarbeidarar.

Stortinget har vedteke at ansvaret for tannhelse skal overførast til kommunane. Senterpartiet vil at tannhelse framleis skal vere eit fylkeskommunalt ansvar.

God folkehelse lønner seg. Det påverkar alle samfunnsområde og dreier seg om fordelingspolitikk i stort format. Alle må ha like høve til å ta vare på si eiga helse. Derfor må vi prioritere helsefremjande tiltak på alle samfunnsområda. Senterpartiet vil gjere folkehelse til ein naturleg del av samfunnsplanlegginga der folk bur og møtest Senterpartiet vil at flest mogleg skal ha høve til eit friluftsliv. Uteaktivitetar skaper trivsel, god folkehelse og ei betre forståing for økologien. Det er særleg viktig at born og unge så tidleg som mogleg får ta del i friluftaktivitetar. Senterpartiet vil prioritere born og unge og starte satsinga tidleg. Gode førebyggjande helsetenester er viktig folkehelsepolitikk. Vi vil ta i bruk skulen som førebyggingsarena.

Uavhengig av kvar ein bur eller kor mykje ein tener skal ha lik tilgang til grunnleggjande helsetenester. Alle innbyggjarane i heile fylket skal ha tilgang til offentlege tannklinikkar innan akseptabel reisetid.

### **Senterpartiet vil:**

- Arbeide for å styrke legevakttenesta og stoppe sentraliseringa av tilbodet.
- Arbeide for å styrke fastlegeordninga og sikre nok fastleger.
- Arbeide for god rekruttering av sjukepleiarar og helsefagarbeidarar.
- Arbeide for kompetanseheving og moglegheiter til vidareutdanning for personalet i primærhelsetenesten/pleie og omsorg.
- Arbeide for redusert rapportering og byråkratisering.
- Arbeide for ei ny tillitsbasert leiing i helsesektoren der dei som arbeider nærast pasientane, får meir ansvar og tillit. Leiinga må vere lojal og på staden.
- Arbeide for å styrkje ordninga der særskilde grupper får støtte til tannbehandling etter lov om folketrygd, slik at dekninga av utgifter står i forhold til dei faktiske utgiftene.
- Ha ei nasjonal satsing på auka fysisk aktivitet.
- Gi frivillig sektor ei viktigare rolle i gjennomføringa av folkehelseiltak. Styrkje det desentraliserte tilbodet innanfor barne- og ungdomspsykiatrien.
- Medverke i arbeidet for å redusere talet på sjølv mord i landet, og auke løyvingane til å gjennomføre nasjonal handlingsplan for å førebyggje sjølv mord og sjølvskading.

- At kultur- og fritidstiltak skal vere eit viktig satsingsområde for dei som har psykiske lidningar.
- Styrkje ordningar for tverrfagleg samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgstenesta, blant anna gjennom «Den kulturelle spaserstokken».
- Halde fram med å bruke mva-systemet og andre avgifter for å stimulere til eit sunnare kosthald.
- Arbeide med tiltak for å betre tannhelsa til eldre og rimelegare tannbehandling.
- Arbeide for at tannhelse vert ein del av Folketrygda.
- 

## 10.1 Sjukehus

Lokalsjukehusa er vårt nære sjukehusstilbod. Dei er ein grunnmur i helsetenesta og avgjerande for å sikre kvalitet, nærleik og tryggleik. I dag utgjer lokalsjukehuspasientane 60–75 prosent av alle pasientane i norske sjukehus. Når dei blir spurde, meiner befolkninga at nærleik til sjukehus og lege er avgjerande for at dei skal ha eit helsetilbod av god kvalitet. Likevel har det vore eit stort politisk press og ein aksept for ei sentralisering av lokalsjukehusstilbodet i Noreg. Senterpartiet vil sørge for ei ny finansiering, organisering og leiing av norske sjukehus. Senterpartiet vil avvikle helseføretaksmodellen og ta sjukehusa tilbake til folkevald styring og offentleg forvaltning. Vi vil føre vidare statleg eigarskap, men vil overføre dagens regionale ansvar til folkevalde sjukehusstyre, valde av og blant medlemmene på fylkestinget. Dei skal styre innanfor dei rammene som Stortinget har nedfelt i nasjonal helse- og sjukehusplan. Finansieringa av sjukehusa må leggje til rette for behova sektoren har for auka investeringar i bygg og utstyr, og for å sikre beredskapen i heile landet. Senterpartiet meiner at sjukehus må finansierast på same måten som andre velferdsområde, som eldreomsorg og skule, altså gjennom rammefinansiering ut frå behov.

### **Senterpartiet vil:**

- Arbeide for å avvikle helseføretaksmodellen og innføre ein forvaltingsmodell for folkevald styring av norske sjukehus.
- Arbeide for å styrkje dei offentlege sjukehusa.
- Motarbeide sentralisering og privatisering av tilbodet.
- Arbeide for en god beredskap i heile landet for å gi tryggleik ved akutt sjukdom og hendingar.
- Arbeide for krav om responstid for ambulansetenesta.
- At sjukehusa skil mellom drift og investeringar slik at tunge investeringar ikkje går ut over tilbodet.
- Arbeide for at nye og nødvendige investeringar er full finansiert.
- Arbeide for fleire Spesialutdanning for legar del 1 (LIS1) stillingar.